

TORVMOSE (*Sphagnum spp.*)

Kvitmose kan desinfisera!

TIDLEGARE BRUK

Tetningsmateriale: Torvmose er blitt nytta til tetningsmateriale i bygningar.

Sårbandasje: Fordi torvmose kan suga opp vatn, har den fått utbreidd medisinsk bruk: uttrekking av opphovna kroppsdelar, svulstar og opne sår (den rosa torvmosen er blitt mest brukt til dette). Særleg i krig, t.d. på Vestfronten under 1. verdskrig, vart torvmosen mykje brukt til sårbandasje.

Barnemadrass: Samane har brukt kvitmosen til å ha under barn i komsene (*manna-darffe*).

Vask: Kvitmose har blitt brukt til både handvask, golvvask og til å feia ut av bakaromnen med (i omvendt rekkefølge!).



KAN DU FINNA KVITMOSE HER?

BRUK I DAG

Dopapir: Mange har prøvd torvmose til dopapir, men visste du at den er mykje betre enn papir fordi den desinfiserar også! (Den inneheld antiseptiske fenolar)

Planter: Dei vassabsorberande eigenskapane til torvmosane vert mykje brukt til å halda potteplanter fuktige.

Torvmose er også ypparleg å bruke til å dekkja gulerøter for vinterlagring.

Historisk arkiv. Det er denne mosetypen som dannar torv. Nede i torva vert delar av andre planter og dyr oppbevarte godt, noko som gjer det mogeleg å studera tidlegare tiders plante- og dyreliv.

Brensel: Torva var også viktig brensel der det var mange på ved. På biletet ser du ein torvkurv - ein stabel av tørka torv.

